

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Kristian Hanto - nestleiar, Kjellbjørn Karsrud,
Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad

Ole Erik Feragen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar. Live Visdal under sakene 56-60. Liv Annette Nygjerdet under sak 61, Solfrid N. Gjeldokk under sakene 64 og 65.

Tid: Fredag 18.11. kl.10.00-16.00

Stad: Teams

Sakliste

- Styresak 2022/54 Innkalling og sakliste
- Styresak 2022/55 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2022/56 Godkjenning av deltakaravgift, tevlingsplan, billettprisar og premiebudsjetten Landsfestivalen 2023
- Styresak 2022/57 Godkjenning av premiebudsjetten og tevlingsplan Landskappleiken 2023
- Styresak 2022/58 Presiseringar av tevlingsreglement
- Styresak 2022/59 Gjennomgang av oppdatering av arrangørhandboka etter evaluering av Landskappleiken og Landsfestivalen
- Styresak 2022/60 Innspel til sak frå Anne Blengsdalen
- Styresak 2022/61 Nettbutikk camping med meir for LK og LF
- Styresak 2022/62 Jubileumsantologien – orientering frå redaktørane
- Styresak 2022/63 Møteplan for styret våren 2023
- Styresak 2022/64 Retningslinjer for ny tilskotsordning
- Styresak 2022/65 Frifond organisasjon
- Styresak 2022/66 Eventuelt

Styresak 2022/54 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2022/55 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Driftsrapport per 7.november 2022:

- a) Rådgeving/Opplæring/service – Oppsummering:
 - a. Vi har fått innvilga stønad frå Innlandet Musikkråd til eit pilotprosjekt om utvikling og opplæring i digital verktøykasse for våre lokallag.
- b) Formidling og arrangement – oppsummering:
 - a. Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk
 - i. Har bidrege med informasjon og rådgeving til arrangørane for LK 2023.
 - ii. Har planlagt fysisk kurs med Balansekunst og hovudnemnda LK 2023 i januar/februar 2023.
 - iii. Har oppgradert kappleiksadmin så deltakarane kan velje lokallag frå rullegardin-funksjon
 - b. Folkelarm
 - i. Vi har marknadsført Folkelarm i ulike kanalar og på Womex.
 - ii. Billett- og delegatpassalet er i gong.
 - iii. Vi har ny nettside for Folkelarm
 - iv. Appen er omtrent klar.
 - v. Vi har laga spelelister på Spotify med årets nominerte artistar til FL-prisen, alle showcase artistar, og eigen liste med dansemusikk får årets FL-artistar.
 - vi. Vi har avtale med folkemusikkstudentane ved NMH om både dugnadsjobbing og dansespel
- c) Informasjon og opplysning – oppsummering
 - a. Folkemusikk/folkemusikk.no
 - i. Arbeidet med nr. 4/2022 er i gong, vi har vikar for redaktøren på plass.
 - b. FolkOrg.no
 - i. Oppstartsmøte for nye nettsider er utsett til etter Folkelarm
- d) Påverknad/samarbeid – oppsummering
 - a. Vi har hatt møte med Silje Hjemdal frå FRP i Familie- og kulturkomiteen på Stortinget for å snakke om finansiering av 100-årsjubileet.
 - b. Vi har hatt møte med Tage Pettersen frå Høgre i Familie- og kulturkomiteen på Stortinget for å snakke om finansiering av 100-årsjubileet.
 - c. Har skrivne kommentar på framlegget til statsbudsjett, og har vore på høyring i Forsvars- og utanrikskomiteen, samt Familie- og kulturkomiteen.
 - d. Har saman med resten av Arrangørforum, MIR, NOKU og Norsk musikkråd arrangert debatt om statsbudsjettet, der kulturminister Anette Trettebergstuen, Tage Pettersen (H) og Åslaug Sem-Jacobsen var til stades.
- e) Særskilde satsingar
 - a. Lag og medlemmer
 - i. Planlegginga av samlinga med FolkLeiarUng i Trondheim er i rute
 - b. Informasjon, formidling, dokumentasjon
 - c. Hatt møte med NOPA ang mogleg samarbeid i jubileumsåret
 - d. Hatt møte med Lars Petter Hagen i Festspillene om samarbeidd og synleggjering av folkemusikk og folkedans i jubileumsåret.
 - e. Jubileet har motteke kr. 50.000 frå Sparebanken Vest, Per Øyvind Tveiten mottok prisen på vegne av FolkOrg 20. oktober.

- f. Opningshelga gjennomført i Oslo 11. februar på Riksscenen, vinnarane av Folkelarmprisane 2022 skal danne ramma for en gallakonsert med framføring av jubileumsslått, offisiell opning med opningstalar.
- g. Vi har hatt kontakt med kulturansvarlege på LK og LF for å planlegge markering av jubileet.
- h. Folkartist.no vert lansert på Folkelarm i år, samstundes med at vi har seminar kring viktigheita av å ha egne nettsider/god informasjon på nett i tillegg til sosiale media.
- f) Utøvarar og arrangørar
 - a. Vi har laga flyer med oversikt over arrangørar innan folkemusikk, verdsmusikk og jazz som vi har brukt samband med Womex og informasjonsarbeid kring norske folkemusikkarrangørar.
- g) Kulturpolitisk arbeid
 - a. Vi deltok på European Folk Networks årskonferanse i Manresa, Spania, og Womex i Lisboa.
 - b. Vi planlegg vidare eksportsatsing saman med Music Norway.
 - c. Har skrive uttale om nasjonal folkedansline på Vinstra vgs, og sendt til prosjektleiar for Folkedans i Innlandet Sigrid Stubbsveen.

- a. **Driftsrapport per 7.november 2022**
- b. **Regnskap per 31.oktober 2022**
- c. **Eventuelt**

Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:

- a) Merknader til driftsrapport:
 - a. Tormod Kleiveland vil prøve å delta på Balansemerkekurset saman med hovudnemnda for LF i Førde 19.januar.
 - b. Vi må følge opp kampanjen «Har du folkemusikkskikk?» slik at den er klar til neste sommar.
 - c. For å involvere medlemmene i arbeidet med revidering av Langtidsplan med særskilde satsingar, vil vi invitere til eit nettmøte 12. desember kl. 18.

Styresak 2022/56 Godkjenning av deltakaravgift, tevlingsplan, billettprisar og premiebudsjetts Landsfestivalen 2023

Vedtak:

- a) Framlegg til deltakaravgift for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023 vart vedteke.
- b) Framlegg til tevlingsplan for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023 vart godkjent, men ber dei sjå om dei kan flytte start onsdag til ein time tidlegare.
- c) Framlegg til billettprisar for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023 vart godkjent.
- d) Framlegg til premiebudsjetts for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023 vart godkjent.

Styresak 2022/57 Godkjenning av premiebudsjetts og tevlingsplan Landskappleiken 2023

Vedtak:

- a) Framlegg til premiebudsjetten for Landskappleiken 2023 vart godkjent.
- b) Framlegg til tevlingsplan for Landskappleiken 2023 vart godkjent, men ber dei undersøke om det er mogleg å finne plass til Vokal A i hallen.

Styresak 2022/58 Presiseringar av tevlingsreglement

Vedtak:

- a) Framlegg til rullering av finalar og kongepokal godkjennast. Den blir slik:

2019: Spel hardingfele (KP), spel fele, vokal

2020: Avlyst

2021: Avlyst

2022: Durspel (KP) og spel fele (KP)

2023: Eldre folkemusikkinstrument (KP) og halling (KP)

2024: Vokal (KP), spel hardingfele, durspel

2025: Dans hardingfele (KP), spel fele, eldre folkemusikkinstrument

2026: Dans fele (KP), halling, vokal

- b) Det er framleis lov til å bruke stemmegaffel i vokalklassane.
- c) Vi går ned til fem låttar i finalespel *or gruppespel, lagspel fele/hardingfele og lagspel durspel på Landsfestivalen, der den første er lydprøve.*
- d) *Det skal ikkje vere lov å nytte noter i spelklassane på Landsfestivalen i gammaldansmusikk.*
- e) *Det blir lov å danse med følge i pardans junior på Landsfestivalen i gammaldansmusikk, men da må følge vere junior.*
- f)

Styresak 2022/59 Gjennomgang av oppdatering av arrangørhandboka etter evaluering av Landskappleiken og Landsfestivalen

Vedtak:

Dei endringane i Arrangørhandboka som vart gjort greie for i saksframlegget tok styret til orientering med desse endringane:

- Styret skal ha ansvaret for programleiinga i alle finalar under Landskappleiken og Landsfestivalen. Hovudnemnda må elles gjerne spørje styret om å bidra som programleiarar i andre klasser.
- For alle programleiarar gjeld det at dei bør ha rimeleg god kunnskap om det dei skal vere programleiar for, og ha god forståing for instruks for programleiarar, særleg slikt som er også er spegla i Balansemerket

- *Det er ønskeleg at dansarane får tevle med same vilkår i både masurka- og polsheatet, med tanke på komp-samansetting i musikkgruppa. Det vil seie at viss ei gruppe spelar til dans utan komp i masurkaheatet, skal det også vere ei gruppe utan komp i polsheatet.*

Styresak 2022/60 Innspel til sak frå Anne Blengsdalen

Vedtak:

Styret ser det ikkje som naudsynt å dele halling inn i kjønnsdelte tevlinger på Landskappleiken. Styret forstår grunngevinga til innspelet, men meiner at det ikkje er eit kriterie å sparke høgast i hallingtevinga, men å fullføre sparket på ein riktig og heilskapleg måte som utfyller dansen.

Eit like viktig moment meiner styret er at ein i hallingtevinga legg like mykje vekt på musikalitet, takt og rytme og innleving, som fysisk styrke til å utføre akrobatiske element og krevjande godkarstykkje.

Eit anna poeng som styret vil trekkje fram, er om det er riktig å skilje mellom menn og damer med tanke på dagens diskusjon kring kjønnsidentitet.

Styresak 2022/61 Nettbutikk camping med meir for LK og LF

Vedtak:

Styret i FolkOrg vedtek at å kjøpe nettbutikklysinga til CustomPublish. Denne vert sett opp i januar 2023. Utgiftene til nettbutikken vert slik ført på 2023.

Arrangørane betaler sjølve månadsprisen for drift av nettsidene. 1200 kroner i året per arrangør. Slik vil vi kunne setje butikkane på «pause» dersom framtidige arrangørar vel å ikkje nytte løysinga.

Opplysningar om løysinga må inn i arrangørhandboka.

Styresak 2022/62 Jubileumsantologien – orientering frå redaktørane

Redaktørane for jubileumsboka, Sigrid Moldestad og Rasmus Stauri orienterte om status i arbeidet og det innhaldet som er planlagt. Dei ber styre komme med framlegg til tittel på boka, og levere sin artikkel før møtet dei skal ha 9.-10.februar.

Styresak 2022/63 Møteplan for styret våren 2023

Vedtak:

Styremøte 2023/01 er sett til fredag 10.februar kl. 09.00 i Oslo

Styremøte 2023/02 er sett til 9.-10.mars i Lom.

Styremøte 2023/03 er sett til 12.mai i Oslo.

Styresak 2022/64 Retningslinjer for ny tilskotsordning

Vedtak:

- a) *Det nye ordninga skal heite aktivitetstilskot*
- b) *Retningslinjer:*

Kven kan søkje:

- Enkeltmedlemer, lokallag, områdelag og arrangørar som er medlemer i FolkOrg

Ordninga støttar:

- Lokale folkemusikk- og folkedansaktivitetar
- Tilskot til prosjekt og tiltak som har fokus på aktivitet, rekruttering eller opplæring.
- Aktiviteten skal vera ope og inkluderande
- Tiltaket skal vere gjennomført innan eit år.

Ordninga støttar ikkje:

- Nasjonale arrangement
- Prosjekt som allereie er avslutta

Økonomisk ramme: 200 000

Øvre søknadsgrense: 15 000

Søknadsfrist: 15. april

Fordeling: Før sommaren

- c) *Styret gjer fordelinga etter framlegg frå administrasjonen.*

Styresak 2022/65 Frifond organisasjon

Vedtak:

Forslaget til fordeling av Frifond organisasjon 2023 vart godkjend.

FRIFOND ORGANISASJON 2022

Fordeling for 2023

Namn på søkjar	DRIFTSTILSKOT	PROSJEKTSTØTTE	TOTALSUM
Byneset spellmannslag	4800	0	4800
Bærum spellemannslag	7680	0	7680
Geilo spelemannslag	4800	0	4800
Gjøvik Spelmannslag	5760	12 000	17760
Gransherad spel- og dansarlag	13 440	12 400	25840
Hardanger spelemannslag	17 280	12 000	29280
Hornindal spelemannslag	5 760	12 000	17760
Indre Sunnfjord spelemannslag	3 840	20 000	23840
Kongsberg spel- og dansarlag	31680	0	31680
Mukampen spel- og dansarlag	10560	8 000	18560
Nes spel- og dansarlag	3 840	14 000	17840
Småjondølenes dansarlag	22 080	16 000	38080
Spelemannslaget Dâm og Drag	6720	0	6720
Spelemannslaget Fjelljom	30 720	10 000	40720
Spelemannslaget i Bergen UL Ervingen	24 960	10 000	34960
Spelemannslaget Laust & Fast	16 320	10 000	26320
Trysil-Knut dans- og spelmannslag	4 800	12 000	16800
Unge folkemusikerte i Oslo	16 320	8 000	24320
Verdal juniorspellmannslag	23 040	10 000	33040
Voss spelemannslag	30 720	0	30720
Vågå spel og dansarlag	37 440	16 000	53440
Øystre Slidre spel og dansarlag	27840	0	27840
Ål spel- og dansarlag	14 400	0	14400

SUM	364 800	182 400	547200
-----	---------	---------	--------

Styresak 2022/66 Eventuelt